

RÅDSREKOMMANDASJON**2019/EØS/8/21****av 15. mars 2018****om ei europeisk ramme for effektiv lærlingutdanning av god kvalitet**

(2018/C 153/01)(*)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN

som viser til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 166 nr. 4 og artikkel 292 jamført med artikkel 153 nr. 2 og artikkel 153 nr. 1 bokstav b),

som viser til framlegget frå Europakommisjonen, og

som legg desse synsmåtene til grunn:

- 1) Effektiv lærlingutdanning av god kvalitet som fremjar ein kombinasjon av arbeidsrelaterte ferdigheiter, arbeidserfaring, læring på arbeidsplassen og nøkkelkompetanse, gjer det enklare for unge å kome inn på arbeidsmarknaden, og for vaksne å oppnå karriereutvikling og kome over i arbeid. Slik utdanning er ein del av det formelle yrkesretta utdannings- og opplæringsystemet og eksisterer parallelt med anna læring på arbeidsplassen og/eller andre yrkesretta utdanningsløp.
- 2) Godt utforma lærlingordningar gagnar både arbeidsgjevarar og lærlingar og styrkjer samarbeidet mellom arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane. Gode kvalitetsstandardar sikrar at lærlingutdanningar ikkje munnar ut i arbeid med låge kvalifikasjonskrav, og at omdømmet til desse utdanningane ikkje vert skada av mangelfull opplæring. I tillegg til at lærlingutdanning av god kvalitet er ein måte å oppnå spisskompetanse på, kan slik utdanning òg fremje aktivt samfunnsengasjement og sosial integrasjon ved at personar med ulik sosial og personleg bakgrunn vert integrerte på arbeidsmarknaden.
- 3) Grunnlaget for effektiv lærlingutdanning av god kvalitet vert lagt gjennom strukturerte partnerskap der alle relevante partar medverkar, særleg partane i arbeidslivet, næringslivet og formidlingsorgan som til dømes industri- og handelskammer, handverksforeiningar, yrkes- og bransjeorganisasjonar, institusjonar for yrkesretta utdanning og opplæring, ungdoms- og foreldreorganisasjonar, i tillegg til lokale, regionale og nasjonale styresmakter. Sidan 2013 har Kommisjonen i samarbeid med medlemsstatane og relevante partar arbeid for å styrkje lærlingutdanninga når det gjeld tilbod, kvalitet og omdømme gjennom den europeiske alliansen for lærlingutdanning, noko som så langt har resultert i meir enn 700 000 tilbod om lærlingutdanning, praksisplass eller første jobb. Initiativ frå føretak, til dømes den europeiske ungdomspakta (European Pact for Youth), har skapt fleire tilbod og medverka til samarbeid mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonane i heile Unionen.
- 4) Dei europeiske partane i arbeidslivet har, på tvers av bransjane, samla inn faktainformasjon om lærlingutdanninga med omsyn til kvalitet og kostnadseffektivitet, gjennom dei parallelle prosjekta sine og gjennom den felles fråsegna «Towards a Shared Vision of Apprenticeships» frå juni 2016, som var grunnlaget for fråsegna «A Shared Vision for Quality and Effective Apprenticeships and Work-based Learning», som Det rådgjevande utvalet for yrkesretta opplæring (ACVT) vedtok 2. desember 2016.
- 5) For å sikre større og breiare deltaking frå partane kalla Kommisjonen dei europeiske bransjeovergripande og sektor-spesifikke partane i arbeidslivet, og industri- og handelskammera og handverksforeiningane inn til høyring i to omgangar, 30. mars og 7. juni 2017.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT C 153 av 2.5.2018, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 221/2018 av 26. oktober 2018 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlige områder utenfor de fire friheter, ennå ikke kunngjort.

- 6) Den europeiske ramma for kvalifikasjonar (EQF), som vart fastsett i 2008 og revidert i 2017⁽¹⁾, sikrar større openheit om kvalifikasjonane til borgarane, medrekna lærlingane, og gjer det lettare å jamføre og overføre kvalifikasjonane.
- 7) Ved rådsrekommendasjon av 18. juni 2009 om oppretting av ei europeisk referanseramme for kvalitetstrygging av yrkesretta utdanning og opplæring (EQAVET)⁽²⁾ vart det fastsett eit referanseinstrument som skulle hjelpe medlemsstatane med å fremje og overvake jamleg betring av dei yrkesretta utdannings- og opplæringssystema sine.
- 8) Gjennom den europeiske kvalitetsfråsegna for praktikantstillingar og lærlingutdanning frå 2012 oppmoda Det europeiske ungdomsforumet dei europeiske statane, EU-institusjonane og partane i arbeidslivet om å opprette ei rettsleg kvalitetsramme for lærlingutdanning eller styrkje den som allereie finst.
- 9) Rådsrekommendasjon av 22. april 2013 om opprettelse av en ungdomsgaranti⁽³⁾ tilrår at medlemsstatane tek ansvar for at alle unge under 25 år får eit fullgodt tilbod om arbeid, vidareutdanning, lærlingutdanning eller praksisplass seinast fire månader etter at dei vart arbeidslause eller avslutta formell utdanning.
- 10) Både dei europeiske partane i arbeidslivet, Europakommisjonen og det litauiske formannskapet i Rådet for den europeiske unionen var med på å styrkje lærlingutdanninga med omsyn til tilbod, kvalitet og attraktivitet gjennom ei felles fråsegn av 2. juli 2013 om oppretting av ein europeisk allianse for lærlingutdanning.
- 11) I rådsfråsegn av 15. oktober 2013 om ein europeisk allianse for lærlingutdanning vart det peika på at ei føremålstenleg og attraktiv lærlingutdanning bør fremjast ved å sikre at ei rekkje felles retningslinjer vert følgde.
- 12) I rådsrekommendasjon om ei kvalitetsramme for praktikantplassar⁽⁴⁾, som vart vedteken 10. mars 2014, vart det fastsett ei rekkje prinsipp for å auke kvaliteten på praktikantprogram som ikkje inngår i formell utdanning og opplæring.
- 13) Innanfor ramma av København-prosessen for europeisk samarbeid om yrkesretta utdanning og opplæring vart det ved Riga-konklusjonane av 22. juni 2014, som vart godkjende av ministrane med ansvar for yrkesretta utdanning og opplæring, slått fast at alle typar læring på arbeidsplassen, med særleg vekt på lærlingutdanninga, og utarbeiding av kvalitetstryggingssystem skal vere to av dei fem prioriterte områda i EU i tidsrommet 2015–2020.
- 14) Innanfor ramma av «Education and Training 2020» utarbeidde ei arbeidsgruppe for yrkesretta utdanning og opplæring 20 retningslinjer for avansert lærlingutdanning og læring på arbeidsplassen i mandatperioden sin frå 2014 til 2015.
- 15) I rapporten sin om Erasmus+ og andre verktøy for fremjing av mobilitet innanfor yrkesretta utdanning og opplæring – ein strategi for livslang læring av 4. mars 2016, etterlyste Europaparlamentet tiltak som sikrar kvalitetsstandardar for lærlingutdanninga.
- 16) I medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589⁽⁵⁾ kan lærlingutdanning som byggjer på ein arbeidskontrakt, offentliggjerrast i EURES, den europeiske jobbmobilitetsportalen på internett, frå og med mai 2018.
- 17) I kommisjonsmeldinga «A New Skills Agenda for Europe» av 10. juni 2016 understreka Kommissjonen at dei støttar ei vidareføring av det resultatet som partane i arbeidslivet har oppnådd gjennom fellesprosjekta sine, til dømes ved å fastsetje ei kvalitetsramme for lærlingutdanning.
- 18) I kommisjonsmeldinga «Investing in Europe's Youth» av 7. desember 2016⁽⁶⁾ vart det oppmoda til fornya innsats for å gje unge ein best mogleg start i livet ved å investere i kunnskapen, kompetansen og erfaringane deira slik at dei får hjelp med å finne eller utdanne seg til den første jobben sin. Føremålet var å hjelpe unge med å nytte dei tilboda som finst, verte godt integrerte i samfunnet, verte aktive samfunnsborgarar og satse på arbeidskarriere, mellom anna gjennom ei kvalitetsramme med dei viktigaste prinsippa for lærlingordningar.
- 19) Roma-fråsegna av 25. mars 2017 inneheld ei forplikting til å arbeide for ein Union der unge får best mogleg utdanning og opplæring og kan studere og finne seg arbeid overalt på kontinentet.

⁽¹⁾ TEU C 189 av 15.6.2017, s. 15.

⁽²⁾ TEU C 155 av 8.7.2009, s. 1.

⁽³⁾ TEU C 120 av 26.4.2013, s. 1.

⁽⁴⁾ TEU C 88 av 27.3.2014, s. 1.

⁽⁵⁾ TEU L 107 av 22.4.2016, s. 1.

⁽⁶⁾ KOM(2016) 940 endeleg utgåve

- 20) I den europeiske søyla for sosiale rettar som vart kunngjord 17. november 2017, er det fastsett ei rekkje prinsipp som støttar opp om jamstilte og velfungerande arbeidsmarknader og velferdssystem, medrekna retten til inkluderande kvalitetsutdanning og -opplæring, for å sikre kompetanse som er relevant for arbeidsmarknaden og for deltaking i samfunnet.
- 21) Kommisjonen har gjort framlegg om ein rådsrekommandasjon om oppfølging av uteksaminerte studentar som vart vedteken 30. mai 2017, og som har som mål å betre tilgangen på kvalitative og kvantitative opplysningar om kva dei uteksaminerte studentane, og lærlingane, gjer etter avslutta utdanning og opplæring.
- 22) Dei europeiske struktur- og investeringsfonda (2014–2020), det vil seie Det europeiske sosialfondet (ESF) og Det europeiske fondet for regionutvikling (ERDF), og Erasmus+, EU-programmet for konkurransevne i føretak og små og mellomstore føretak (COSME), EU-programmet for sysselsetjing og sosial nyskaping (EaSI) og sysselsetjingsinitiativet for unge, yter støtte til lærlingutdanning.
- 23) Europaparlamentet og dei relevante partane kom nyleg med ei oppmoding til Kommisjonen om å auke den langsiktige mobiliteten til lærlingar i EU og dermed gjere det mogleg for unge å tileigne seg både arbeidsrelaterte ferdigheiter og nøkkelkompetanse. Som svar på dette innførte Kommisjonen ei ny ordning i det eksisterande Erasmus+-programmet, kalla «Erasmus Pro», som særleg støttar lengre praksisopphald i utlandet.
- 24) I rapportane sine frå 2015 og 2017 om ungdomsgarantien tilrår Revisjonsretten at Kommisjonen utarbeider kvalitets-kriterium for lærlingutdanning og andre tilbod innanfor ramma av dette initiativet.
- 25) Ei felles forståing blant medlemsstatane om kva som definerer ei effektiv lærlingutdanning av god kvalitet, støttar opp om arbeidet deira med å reformere og modernisere lærlingordningar som gjev eit svært godt lærings- og karriereløp. Ei felles forståing medverkar til å auke den innbyrdes tilliten, noko som lettar mobiliteten over landegrensene for lærlingane.
- 26) Det overordna målet med denne rekommandasjonen er å betre høvet til sysselsetjing og personleg utvikling for lærlingar og medverke til oppbygging av ein svært kompetent og kvalifisert arbeidsstyrke som har evne til å tilpasse seg behova i arbeidsmarknaden.
- 27) Det spesifikke målet er å skape ei einsarta ramme for lærlingutdanning som byggjer på ei felles forståing av kva som definerer kvalitet og effektivitet, samstundes som det vert teke omsyn til ulikskapane mellom og tradisjonane innanfor dei ulike yrkesretta utdannings- og opplæringssystema, og til dei politiske prioriteringane i dei ulike medlemsstatane.
- 28) Denne rekommandasjonen påverkar ikkje den avgjerdsmakta som medlemsstatane har til å halde ved lag eller fastsetje meir omfattande føresegnar for lærlingutdanning enn dei som vert tilrådde her, eller til å halde ved lag eller utarbeide andre former for læring på arbeidsplassen og/eller yrkesretta utdanning og opplæring som ikkje kjem inn under verkeområdet for rekommandasjonen, og heilt eller delvis nytte dei kriteria som er fastsette nedanfor, på desse.

TILRÅR FØLGJANDE:

Medlemsstatane bør, i samsvar med nasjonal lovgjeving og i nært samarbeid med dei relevante partane, syte for at ordningane for lærlingutdanning er fleksible med omsyn til behova i arbeidsmarknaden, og at dei gagnar både lærlingar og arbeidsgjevarar gjennom å byggje på kriteria nedanfor for kva som er effektiv lærlingutdanning av god kvalitet.

For føremåla med denne rekommandasjonen og utan at dette påverkar den nasjonale terminologien, skal lærlingutdanning forståast som ordningar for formell yrkesretta utdanning og opplæring som

- a) kombinerer læring frå utdannings- eller opplæringsinstitusjonar med omfattande læring på arbeidsplassen i eit føretak eller på andre arbeidsplassar,
- b) gjev kvalifikasjonar som er godkjende på nasjonalt plan,
- c) byggjer på ei avtale som definerer rettar og plikter for lærlingen, arbeidsgjevaren og den yrkesretta utdannings- og opplæringsinstitusjonen der dette er relevant, og
- d) sikrar lærlingen betaling eller anna godtgjersle for den delen som gjeld arbeidet.

Kriterium for lærings- og arbeidsvilkår*Skriftleg avtale*

1. Før lærlingutdanninga vert innleidd, bør det inngåast ei skriftleg avtale som fastset dei rettane og pliktene som lærlingen, arbeidsgjevaren og, dersom det er relevant, den yrkesretta utdannings- og opplæringsinstitusjonen har med omsyn til lærings- og arbeidsvilkår.

Læringsutbyte

2. Arbeidsgjevarar, yrkesretta utdannings- og opplæringsinstitusjonar og, dersom det er relevant, fagforeiningar bør verte samde om eit sett med overordna læringsutbyte, som er fastsett i samsvar med nasjonal lovgjeving. Dette bør sikre jamvekt mellom yrkesspesifikke ferdigheiter, kunnskapar og nøkkelkompetanse for livslang læring som medverkar både til personleg utvikling og livslang karriereutvikling for lærlingane, slik at dei kan tilpasse seg endringar i karrieremønsteret.

Pedagogisk støtte

3. Dei som skal undervise i føretaket, bør peikast ut og få i oppdrag å samarbeide tett med yrkesretta utdannings- og opplæringsinstitusjonar og undervisningspersonale for å gje lærlingane rådgeving og sikre jamlege innbyrdes tilbakemeldingar. Undervisningspersonale, instruktørar og mentorar, særleg i svært små og små og mellomstore føretak, bør få støtte til å halde ferdigheitene, kunnskapen og kompetansen sin à jour, slik at undervisninga av lærlingane byggjer på dei nyaste undervisnings- og opplæringsmetodane og dei aktuelle behova i arbeidsmarknaden.

Arbeidsplassen

4. Ein vesentleg del av lærlingutdanninga, det vil seie minst halve utdanninga, bør finne stad på arbeidsplassen, og dersom det er mogleg, bør det gjevast høve til å flytte ein del av arbeidserfaringa til utlandet. Målet er å gradvis auke den delen av lærlingutdanninga som omfattar læring på arbeidsplassen, samstundes som det vert teke omsyn til ulikskapane mellom dei nasjonale ordningane.

Betaling og/eller godtgjersle

5. Lærlingar bør betalast eller på annan måte få godtgjersle i samsvar med nasjonale eller sektorspesifikke krav eller tariffavtaler dersom slike ligg føre, samstundes som det vert teke omsyn til avtaler om kostnadsdeling mellom arbeidsgjevarar og offentlege styresmakter.

Sosialt vern

6. Lærlingar bør ha rett til sosial tryggleik, medrekna naudsynt forsikring i samsvar med nasjonal lovgjeving.

Arbeids- helse- og tryggleiksvilkår

7. Arbeidsplassen der arbeidet finn stad, bør etterleve relevante reglar og forskrifter for arbeidsvilkår, særleg lovgjevinga om helse og tryggleik.

Kriterium for rammevilkår*Rammereglar*

8. Det bør fastleggjast klare og eintydige rammereglar som byggjer på eit jamstilt og rimeleg partnerskap, medrekna ein strukturert og open dialog mellom alle dei relevante partane. Dette kan omfatte framgangsmåtar for akkreditering for føretak og arbeidsplassar som tilbyr lærlingutdanning, og/eller tiltak for kvalitetstrygging.

Deltaking frå partane i arbeidslivet

9. Partane i arbeidslivet, medrekna sektorvise partar og/eller formidlingsorgan der det er relevant, bør ta del i utforminga, styringa og gjennomføringa av lærlingordningar i tråd med dei nasjonale systema for tilhøvet mellom partane i arbeidslivet og nasjonal utdannings- og opplæringspraksis.

Støtte til føretak

10. Det bør vurderast å gje økonomisk og/eller ikkje-økonomisk støtte, særleg til små og små og mellomstore føretak, for å gjere lærlingutdanninga kostnadseffektiv for føretaka, samstundes som det vert teke omsyn til avtaler om kostnadsdeling mellom arbeidsgjevarar og offentlege styresmakter der dette er relevant.

Fleksible utdanningsløp og mobilitet

11. Opptaket bør forenklast ved at det i opptakskrava til lærlingutdanninga vert teke omsyn til relevant uformell og ikkje-formell læring og/eller gjennomføring av førebuande program dersom dette er relevant. Kvalifikasjonar som følgjer av lærlingutdanning, bør reknast med i dei kvalifikasjonsrammene som er godkjende på nasjonalt plan, med tilvising til den europeiske ramma for kvalifikasjonar⁽¹⁾. Lærlingutdanninga bør gje tilgang til andre utdanningstilbod, medrekna utdanning og opplæring på høgare nivå, karriereutvikling og/eller akkumulering av einingar for læringsutbyte der det er relevant. Tverrnasjonal mobilitet for lærlingar, anten på arbeidsplassen eller i utdannings- og opplæringsinstitusjonar, bør styrkjast gradvis som ein del av kvalifikasjonane i lærlingutdanninga.

Karriererådgeving og haldningsskapande tiltak

12. Det bør vere tilbod om karriererådgeving, rettleiing og lærlingstøtte før og under lærlingutdanninga for å sikre gode utbyte, førebyggje og minske talet på fråfall og hjelpe lærlingane med å søkje seg til relevante utdannings- og opplæringsløp. Lærlingutdanninga bør fremjast som eit attraktivt utdanningsløp gjennom haldningsskapande tiltak som er retta mot ei brei målgruppe.

Openheit

13. Tilbod om lærlingutdanning i og mellom medlemsstatane bør vere opne og tilgjengelege, mellom anna med støtte frå offentlege og private arbeidsformidlingar og andre relevante organ, og ved hjelp av EU-verktøy som til dømes EURES dersom det er relevant, slik det er fastsett i EURES-forordninga.

Kvalitetstrygging og oppfølging av lærlingar

14. Det bør nyttast kvalitetstryggingsmetodar som byggjer på den europeiske referanseramma for kvalitetstrygging av yrkesretta utdanning og opplæring (EQAVET)⁽²⁾, medrekna ein prosess som gjev ei gyldig og påliteleg vurdering av læringsutbyte. Sysselsetjings- og karriereutviklinga til lærlingane bør følgjast opp i samsvar med nasjonal lovgjeving og EU-regelverket om vern av personopplysningar.

Gjennomføring på nasjonalt plan

Med omsyn til gjennomføringa av denne rekommandasjonen bør medlemsstatane innanfor verkeområdet for rekommandasjonen, gjere følgjande:

15. Fremje aktiv deltaking frå partane i arbeidslivet med omsyn til utforming, styring og gjennomføring av lærlingordningar i tråd med dei nasjonale systema for tilhøvet mellom partane i arbeidslivet og nasjonal utdannings- og opplæringspraksis.
16. Sikre lik tilgang, fremje jamn fordeling mellom kjønna og motverke skilnadshandsaming innanfor ordningar for lærlingutdanning.
17. Inkludere relevante gjennomføringstiltak i nasjonale reformprogram innanfor rammene av den europeiske planleggings-terminen (European Semester).
18. Ta omsyn til desse rammeføresegnene når lærlingutdanninga får støtte gjennom EU-midlar og -instrument.

Kommisjonen bør yte naudsynt støtte, mellom anna gjennom følgjande tiltak:

Støttetenester

19. Utvikling av ei rekkje støttetenester for kunnskapsdeling, nettverkssamarbeid og ymsesidig læring for å hjelpe medlemsstatane og dei relevante partane med å gjennomføre ordningar for lærlingutdanning i tråd med denne ramma. Dette bør omfatte behov for ytterlegare opplæring hjå undervisningspersonale som arbeider med yrkesretta utdanning og opplæring, med omsyn til digitale nyskapingar innanfor lærlingutdanninga.

Haldningsskapande tiltak

20. Fremjing av kvaliteten på og attraktiviteten til lærlingutdanningane og eit positivt syn på slik utdanning blant unge, familiane deira og arbeidsgjevarar gjennom haldningskampanjar som til dømes den europeiske veka for yrkeskompetanse (European Vocational Skills Week).

⁽¹⁾ TEU C 189 av 15.6.2017, s. 15.

⁽²⁾ TEU C 155 av 8.7.2009, s. 1.

Finansiering

21. Støtte til gjennomføringa av denne rekommandasjonen gjennom relevant EU-finansiering i samsvar med den relevante rettslege ramma.

Oppfølging

22. Overvaking av gjennomføringa av denne rekommandasjonen med støtte frå Det rådgjevande utvalet for yrkesretta opplæring, som er eit trepartsutval, på grunnlag av eksisterande rapporteringsrutinar som vert nytta innanfor ramma av den europeiske planleggingsterminen.
 23. Rapportering til Rådet om gjennomføringa av ramma seinast tre år etter den datoen då ramma vart vedteken.
-